

ORDFØRAR  
RÅDMANN



## **Referat styremøte Regionrådet Vest**

Mandag 27. Juni 2011 kl. 08.30 – 12.00

F-salen Askøy Rådhus

Til stades:

Ordfører Knut Hanselmann  
Varaordfører Harald Nordstrand (Sund)  
Ordfører Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse  
Fung. rådmann Jon Erik Egeland (Sund)  
Rådmann Torgeir Sæter  
Fung. rådmann Marit Rinnan (Askøy)  
Sekretariatet: Per Hillestad og Dag Thorvaldsen (ref)

Forfall: Ordfører Eli Årdal Berland

Til sak 14/11 møtte Jorun Aalvik, Kriminalomsorga  
Til sak 17/11 møtte Hans Inge Algerøy, Fiskeri- og havbruksnæringens landsforeining (FHL)  
Til sak 19/11 møtte Ole Øvretveit, Periferifestivalen  
Til sak 20/11 møtte Sigmund Kvernes Gode Sirklar as

Saksliste:

- Sak 12/11 Innkalling
- Sak 13/11 Referat frå styremøtet 21. mars 2011 (Vedlegg)
- Sak 14/11 Kriminalomsorga – Sjølvbyggjarprosjekt
- Sak 15/11 Utsetjing av prosjekt : Komparative fortrinn (Vedlegg)
- Sak 16/11 Sjømatprosjekt (Vedlegg x 2)
- Sak 17/11 Presentasjon – Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL)
- Sak 18/11 Møteplan 2. halvår 2011 (Vedlegg)
- Sak 19/11 Periferifestivalen, orientering
- Sak 20/11 Statusrapport næringsplanarbeid v/Gode Sirklar as (Vedlegg)
- Sak 21/11 Forliksråd (Vedlegg)
- Sak 22/11 Lindrande eining (Vedlegg)
- Sak 23/11 Meldingar (Vedlegg)

- Søknader om skjønsmidlar
- Prosjekt Feitikus
- Prosjekt Biblikus
- Prosjekt Kartikus, justert mandat
- Prosjekt Felles Ansvar, brev til samarbeidspartnarar/stiftingsdokument
- Prosjekt Byggesak – endring av mandat
- Eventuelt status andre prosjekt

**Sak 12/11 Innkalling**  
Godkjend

**Sak 13/11 Referat frå styremøtet 13/12-2010**  
Godkjend

**Sak 14/11 Kriminalomsorga – Sjølvbyggjarprosjekt**

Orientering v/ Jorun Aalvik

Presentasjon av prosjektet, som har som målsetting at fleire Hordalands-kommunar skal sette i gang med sjølvbyggjarprosjekt etter modell frå Meland kommune. Kommunane Øygarden og Askøy er allereie i gang med sine egne prosjekt.

*Vedtak:*

*Rådmennene tar opp saka på neste møte for å avklare om det er grunnlag for samarbeid. Styret tar saka til orientering.*

**Sak 15/11 Utsetjing av prosjekt : Komparative fortrinn**

Rådmennene behandla saka 2. mai 2011 og tilrådde at prosjektet vert utsett pga. reduksjon i kommunanes aktivitetsnivå.

*Vedtak:*

*Prosjektet vert utsett inntil vidare.*

**Sak 16/11 Sjømatprosjekt**

Drivkraft forlag v/Gunnar Hølland, har bedt om støtte til utgiving av boken om norsk sjømat. Dette er et hopehav mellom forlaget og Gastronomisk Institutt.

*Vedtak:*

*Eventuelle tilskot vert å gjera av kvar einskild kommune*

**Sak 17/11 Presentasjon – Fiskeri- og havbruksnæringens landsforeining (FHL)**

v/ Hans Inge Algerøy

*Styret tar saka til orientering.*

**Sak 18/11 Møteplan 2. halvår 2011**

1. Rådmannsmøte/IKT seminar: 5. september
2. Rådmannsmøte: 3. oktober
3. Rådmannsmøte: 7. november
4. Styremøte: 14. november
5. Tinget i Vest 28. november

*Vedtak:*

*Møteplan godkjend.*

### **Sak 19/11 Periferifestivalen, orientering ved Ole Øvretveit**

*Periferifestivalen ønskjer eit strategisk samarbeid med kommunane for å stå sterkare m.o.t. økonomisk støtte frå offentlige støtteordningar. Periferifestivalen som merkevare har og næringsstrategisk tyding.*

*Vedtak:*

*Kultursjefen i Sund kommune tar opp dei kulturpolitiske konsekvensane med kultursjefane i dei andre kommunane. Gode Sirklar as får ansvar for å sjå nærare på dei næringsstrategiske momenta.*

### **Sak 20/11 Statusrapport næringsplanarbeid v/Gode Sirklar as** Orientering ved S. Kvernes

*Styret tar saka til orientering.*

### **Sak 21/11 Forliksråd (Vedlegg)**

Saka blei behandla av rådmennene 2. Mai 2011 og dei gav følgjande tilråding:  
Saka sendast til styret. Rådmennene sluttar seg til framlegget.

*Vedtak:*

*Styret tilrår at det vert etablert to forliksråd i regionen.  
Sund og Fjell kommunar har felles forliksråd.  
Øygarden og Askøy kommunar har felles forliksråd.  
Saka sendast til kommunane for politisk handsaming.*

### **Sak 22/11 Lindrande eining (Vedlegg)**

Sluttrapport er levert. Saka går til politisk handsaming i kommunane.

*Vedtak:*

*Styret sluttar seg til tilrådingane.*

### **Sak 23/11 Meldingar**

- Søknader om skjønsmidlar
  1. Barnevern
  2. Felles Ansvar
  3. Folkehelse (Frisklivssentral)
  4. Urbant jordskifte.
- Prosjekt Feitikus (Vedlegg)
- Prosjekt Biblikus (Vedlegg)
- Prosjekt Kartikus, justert mandat (Vedlegg)
- Prosjekt Felles Ansvar, brev til samarbeidspartnarar/stiftingsdokument (2 vedlegg)
- Prosjekt Byggesak – endring av mandat (Vedlegg)
- Eventuelt status andre prosjekt

*Styret tar meldingane til orientering.*